



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Statssekretæren

KOPI

MOTTATT

13 MAI 2014

Sjukehusaksjonen Nordfjord
v/leiar Svein Hansen
6750 STADLANDET

Dykkar ref

Vår ref

Dato

vk/07/5212

12 .05.2014

Nordfjord sjukehus

Eg viser til tidlegare korrespondanse om ulike tilhøve ved Nordfjord sjukehus.

Statsråden besøkte Nordfjord sjukehus 18. mars i år og fekk ei omvising ved sjukehuset og snakka med dei tilsette ved fleire av dei nye tilboda. Statsråden sitt inntrykk er at det mellom anna gjennom prosjektet framtidens lokalsjukehus er utvikla spesialisthelsetenestetilbod som er framtidsretta, berekraftige og som andre lokalsjukehus kan dra lærdom av.

Spesialisthelsetenestetilbodet ved Nordfjord sjukehus må sjåast i samanheng med Helse Førde HF sitt totale spesialisthelsetenestetilbod, samhandlinga med kommunane og dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Utviklingsprosjektet ved "Nordfjord sjukehus – framtidens lokalsjukehus" har gjort grundige analysar av pasientstraumane, befolkningsstørrelse, alderssamansetting og forbruk av spesialisthelsetenester. Det er utvikla desentraliserte spesialisthelsetenester på lokalsjukehusnivå som skal ivareta innbygarane sine behov for trygge og nære tenester. Modellen for Nordfjord sjukehus er vurdert som robust og berekraftig i eit langtidsperspektiv.

Ved besøket 18. mars hadde statsråden òg møter med dei tillitsvalde, Nordfjordrådet og Sjukehusaksjonen Nordfjord. Her lytta statsråden til alle innspel og ytringar. Han var tydeleg på at det som han var blitt gjort kjent med og det han sjølv så ved omvisinga ved sjukehuset, representerer eit spesialisthelsetenestetilbod som er framtidsretta for eit lokalsjukehus. Dette er nyttige innspel i regjeringa sitt arbeid med Nasjonal helse- og sjukehusplan.

Avslutningsvis vil eg understreke at det er dei regionale helseføretaka som har ansvaret for å vurdere behovet for samarbeid mellom helseføretak på tvers av regionsgrenser.

Vennleg helsing

Anne Grethe Erlandsen

Kopi: Helse Vest RHF og Helse Førde HF